



Sund Sokneblad

Nr. 6
2. desember 2020
Årg. 89

Biskopen på besøk hos ungdomsmiljøet Boost



Biskop Halvor Nordhaug var på visitas i Sund sokn tysdag 3. november til torsdag 5. november. Tysdagskvelden nytta han til eit besøk hos Boost, ungdomsmiljøet i kyrkjelyden. Her fekk han vera med på ein leik, og han fekk smaka ein hamburgar.

side 6-7



Teikneseriebibelen til 5.klassingane

Søndag 25. oktober var det utdeling av biblar til 5.klassingar i soknet. Det var i år ein teikneseriebibel dei fekk.

side 9



Tende lys for dei døde siste året

På Allehelgensdagen søndag 1. november vart dei døde siste året minna ved at namnet på kvar av dei vart lese opp og det vart tent eit lys for kvar av dei.

sistesida

**Gledeleg jul og
Godt nytt år**

Pastoralt perspektiv

Julehøgtid i hytter og hus

I skrivande stund veit vi ingenting om kva muligheter vi får til å samlast i jula...

Smittevernet må sjølv sagt prioriterast, og statlege og lokale reglar må takast på alvor! Så i verste fall blir det ingen gudstenester i julehelga. Kanskje blir det mogleg å samla 50 i kyrkja? Vi veit ikkje, enno, men håpar på det beste!

Men uansett skal vi feira JUL! Og dersom du ikkje får mulighet til å koma til julegudstenester i kyrkja, kan du allikevel feira ei enkel, men fin gudsteneste der du er!

Og lat meg koma med eit forslag til dette:

- Når du/de sit rundt julebordet på julekvelden, kan du/de henta fram Bibelen og slå opp *juleevangeliet i Lukas 2,1-20*.

- Og før du/de les desse kjende orda, kan du/de kanskje **stemma i eit julevers**:

*Eit barn er født i Betlehem,
i Betlehem.*

No frydar seg Jerusalem.

Halleluja, halleluja!

*Treeinig Gud, vi lovar deg,
vi lovar deg,*

for frelsa no og æveleg!

Halleluja, halleluja!

- Og etter at juleevangeliet er blitt lest, kan du/de **be ei enkel bøn**: «Takk, Jesus, for at du vart menneske. Då vart du som ein av oss. Takk for at du er så glad i oss at du vil vera Frelsaren vår! Vi ber for alle som har det vondt i verda. Kom til dei med håp og fred! Takk for at vi får feira jul. Lat oss ikkje gløyma at det er du, Jesus, som er den store gáva! Amen.»

- Til slutt kan vi stemma i «**Deilig er jorden**»:

*Deilig er jorden, prektig er Guds himmel,
skjønn er sjelenes pilgrimsgang!
Gjennom de fagre riker på jorden
går vi til paradís med sang.*

*Tider skal komme, tider skal henrulle,
slekt skal følgje slekters gang;
aldri forstummer tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden, menneske,
fryd deg! Oss er en evig Frelser født!*

Og dette budskapet er like sant – anten vi høyrer det i kyrkja, eller i hytter og hus! GOD JUL!

Kjell-Asle Børnes

Velkomen til gudsteneste

06. desember – 2. søndag i adventstida – Luk 21,27-36

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

13. desember – 3. søndag i adventstida – Luk 3,7-18

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
Søndagsskule!

20. desember – 4. søndag i adventstida – Luk 1,39-45

KAUSLAND kyrkje kl 18.00 *Vi syng jula inn* v/Kjell-Asle Børnes. Song: *Stjernekorset og Betweenkorset*. Takkoffer: Kyrkjemusikalsk arbeid

24. desember – Julaftan – Luk 2,1-20

KAUSLAND kyrkje kl 14.30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Kirkens nødhjelp

SUND kyrkje kl 16.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Song: *Stjernekorset og Betweenkorset*. Takkoffer: Kirkens nødhjelp

25. desember – Juledag – Joh 1,1-14

SUND kyrkje kl 12.00 Høgtidsgudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Det norske misjonsselskap (NMS)

26. desember – 2. juledag – Joh 1,1-14

KAUSLAND kyrkje kl 12.00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

27. desember – Romjulsøndag – Inga gudsteneste!

01. januar – Nyårsdag – Matt 1,20b-21

SUND kyrkje kl 12.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

03. januar – Kristi openberringsdag – Luk 2,40-52

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Normisjon

10. januar – 2. søndag i openberringstida – Mark 1,3-11

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

17. januar – 3. søndag i openberringstida – Joh 4,4-26

SUND kyrkje kl 12.00 Gudsteneste etter konfimantleir v/Kjell-Asle Børnes og konfirmantar. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

24. januar – 4. søndag i openberringstida – Joh 9,1-7.35b-38

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

31. januar – Sámannssøndag – Mark 4,26-34

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Bibelselskapet

07. februar – Kristi forklåringsdag – Mark 9,2-13

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Utdeling av 4-årsboka*. Dåp. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

Ein tek atterhald om endringar i lista grunna moglege korona-restriksjonar.

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjeskys - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 936 10 773

Føremiddagstreffa

Mykje er framleis usikkert når det gjeld koronasituasjonen etter nyttår, i kva grad det vert mogleg å laga til føremiddagstreff siste onsdagen i månaden, vekselvis i Kyrkjekjellaren og i Kausland kyrkjelydshus. Men så langt det blir mogleg tek ein sikte på å skipa til føremiddagstreff med felles lunsj etterfulgt av eit føredrag av ein invitert gjest. Dei fleste gjestane er førebels ikkje klare. Men dei aktuelle datoane er:

27.01 Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje kl. 11.30

Gjest: Tarald Ueland om salmediktaren Svein Ellingsen

24.02 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gest: Ikkje fastsett

24.03 Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje kl. 11.30

Gjest: Ikkje fastsett

(nest siste onsdag grunna påske)

28.04 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Ikkje fastsett

26.06 Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje kl. 11.30

Gjest: Ikkje fastsett

Onsdagstreffa

Som med føremiddagstreffa vert det òg usikkert i kva grad det vert mogleg å skipa til onsdagstreff 1. onsdagen i månaden, kl. 11.00 i Aktivitetssenteret i Skogsskiftet. Men dei aktuelle datoane er:

Onsdag 6. januar

Onsdag 3. februar

Onsdag 3. mars

Onsdag 7. april

Onsdag 5. mai

Onsdag 2. juni



Ta vare på kvarandre!

I eit spesielt år som dette er det trygt og godt å vita at julebodskapen står fast. Eg håpar at dette vil inspirera oss til å ta vare på kvarandre og gjera ein forskjell for nokon som treng det. Alle kan gjera litt. Kanskje kan vi invitera på besøk eller ta ein telefon til ein person vi ikkje har besøkt på lenge? La oss alle saman gjera dette til ei god jul for kvarandre. I år treng vi det meir enn på lenge.

Eg ønskjer alle innbyggjarar, tilsette og andre lesarar ei fredeleg jul.

Tom Georg Indrevik
ordførar

Kontakt med ansvarleg for grav

Kyrkjegardsforvaltninga manglar kontaktinformasjon for mange graver i Øygarden. Vi ynskjer å få oppdatert listene på festeansvarleg og har difor sett på «lapp» på ein del gravmonument. Dersom du finn ein slik «lapp» på ei grav du har ansvar for, ber vi deg ta kontakt med kyrkjekontoret i Øygarden. Dersom vi ikkje oppnår kontakt vil gravminnet bli tatt vekk frå gravplassen etter 1/2 år. Dette til informasjon.

**Vi ønskjer kontakt med fester/
ansvarleg for denne grava.**

ØYGARDEN KYRKJEKONTOR

tlf. 400 03 316

post.oygarden@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Kyrkjekontoret

Julaftan og Nyttårsaftan

Julaftan og nyttårsaftan er telefonen og kontoret stengt. Postmottaket vert besvart kl. 09.00 – 12.00.

Kulturkveld med biskopen

Som ein del av bispevisitasen i Sund sokn vart det onsdag 4. november skipa til ein kulturkveld i Kausland kyrkje. Strenge koronatiltak var sette i verk, så folk måtte halda seg på faste plassar i kyrkja både under kulturkvelden og i kyrkjekaffien etterpå.

Biskop Halvor Nordhaug heldt tala for kvelden. Temaet var «Trua i kulturen og kulturen i trua», eit tema som Kjell-Asle Børnes hadde gitt han. Kva er kultur? spurde biskopen. Det er skikkar og tradisjonar, alt det vi er og gjer, svarta han og meinte at trua alltid finst saman med kulturen. Men den er ulik i t.d. Hellas og Kongo, sjølv om det er same trua.

Kulturen skifter heile tida, også frå stad til stad. - Då eg var rundt 10 år gammal var det vederstyggeleg med langt hår, slik The Beatles hadde, fortalde Nordhaug. Han fortalde òg om når han studerte i Tyskland at han var med ein ven heim. Der drakk dei vin. - Skulle eg ha sagt at det var synd? undrast biskopen. - Men det er det eg lever av, kunne venen ha svart. Då Per Lønning var biskop i Borg var det ein prest i Fredrikstrad som røykte. Det likte ikkje Lønning.

Nordhaug mintest òg at han var den einaste i klassen på skulen som ikkje

vart sendt på danseskule. Elles meinte han at kulturen ikkje er nøytral. Såleis finnest det mange gode filmar, men òg mange dårlege. «Ver forsiktig lille fot hvor du går» heiter det i ein song. Men biskopen meinte at vi kan ikkje berre vera forsiktige. Han viste m.a. til Amish-folka i USA som har straum på låven, men ikkje inne i huset «for då får vi TV og alt det vonde det fører med seg».

Den gode kulturen er god nok i seg sjølv, meinte biskopen. - Det må ikkje vera kristent for å kunna bruka det i Guds hus, sa han. - Ta imot kulturen med takk, for alt Gud har skapt er godt.

Kulturenkvelden inneheldt òg mykje song og musikk. Både Roy Vorland og Vivian Steinsland var med, med Irina Tarasova ved flygelet. «Songen frå vest», som Roy Vorland har sett melodi til, var den songen som han opna kvelden med. Han song òg ein song av Ola Bremnes medan Vivian Steinsland song to av Johannes Kleppevik sine songar: «Mitt heimstadland» og «Eg har ein engel». Litt allsong vart det òg tid til, m.a. den salmen som for nokre år sidan vart vald som nr. 1 i Sund: «Deg være ære». Kvelden vart avslutta med kyrkjekaffi.

Olai Otterå



Biskop Halvor Nordhaug snakka om «Trua i kultur under bispevisitasen».



Roy Vorland



Vivian Steinsland



Roy Vorland og Vivian Steinsland fekk ei ekstra



turen og kulturen i trua» på kulturkvelden i Kausland kyrkje



Kulturkvelden vart avslutta med kyrjekaffi.



takk etter kulturkvelden saman med Irina Tarasova.



Kjell-Asle Børnes var konferansier for kvelden.

Biskopen besøkte ungdomsmiljøet Boost

På første dag av bispevisitasen brukte biskop Halvor Nordhaug kvelden til å besøka ungdomsmiljøet i kyrkjelyden, Boost, i Kyrkjekjellaren i Klokkarvik.

I ei tid då koronaen herjar var nok ikkje frammøtet så stort som det plar vera, men likevel nok til at både biskopen og vi fekk eit inntrykk av korleis kveldane i dette ungdomsmiljøet gjerne er. Denne kvelden var dei i Kyrkjekjellaren, men det vanlege er å veksle mellom Kyrkjekjellaren og Kyrkjelydshuset på Kausland.

Ei matøkt høyrer gjerne med på slike kveldar. Denne kvelden var det lagt opp til servering av hamburgarar. Ivar Naustheller stod utanfor inngangsdøra og steikte hamburgarar med den innkjøpte gassgrillen så flammene stod (det var nok ein del fett i dei), og litt seinare kunne dei serverast med noko attåt.

Men før ein kom så langt hadde biskopen fått vera med på ein leik som vart kalla Psykologen. Deltakarane sat i ein ring på golvet. Ein av dei måtte gå ut medan dei andre avtalte eit teikn dei skulle bruka når

dei kom med ei løgn. For når han som var på gangen, kom inn, skulle han prøva å finna ut kva som var teiknet når han stilte dei spørsmål som dei altså skulle lyga om. Også biskopen fekk prøva seg på dette.

Etter matøkta vart ulike spel henta fram. Her var bordtennisbord, fotballspel og eit lite biljardbord. Det siste vart gjort klart, men det var i første rekkje dei to første som vart brukte i starten.

Olai Otterå



To ivrige deltakarar ved fotballspelet.



Biljardbordet vert gjort klart.



Bordtennisbordet vart straks teke i bruk.



Biskopen er framme og forsyner seg med ein ham-



Biskop Halvor Nordhaug fekk prøva seg som psykolog og skulle avsløra kva teikn dei andre hadde avtalt å bruka når dei laug.



burgar.



Ivar Naustheller hadde fått oppgåva med å steikja hamburgerane.

Torbjørn Fjøren:

I Guds ord til alle tider


Då tidlegare diakon i Fjell besøkte føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i oktober, snakka han om at vi har vore i Guds ord til alle tider. Kan Gud verkeleg elske meg, eg som gjer så mange feil og gjer så lite i Guds verd? undrast han.

Salme 139 i Bibelen hadde betydd mykje for han, fortalde han. Der fann han vissa om at Gud visste om alt i han, det som var godt og det som var gale. - At Gud kjenner meg så godt, kan vera vanskeleg, sa han. - For då kjenner han syndene mine. Gud kjenner oss betre enn vi kjenner oss sjølve.

Sidan Gud kjenner oss så godt, veit han òg om vanskanane mine. Vi tenkjer: Har Gud forlatt meg? Dette er ein tvil som sikkert mange har kjent på. Men i følgje salme 139 er Gud alltid der. Han veit om dagane mine, veit kva eg står oppi og kva eg tenkjer. Ja, dagane har vore kjende for Gud lenge. - Gud veit om alle menneske, kva dei kjempar med, og han forlet oss aldri, sa Fjøren. - Vi kan kvile i dette: Gud veit alt og er hos meg.

Vår utfordring blir å takka Gud for dei gode dagane, meinte Fjøren, og for at han er der når vi har det vanskeleg. Omsorga og kjærleiken frå Gud er ikkje noko vi fortener. Han elsker oss fordi han har skapt oss og vil vera med oss. Vi er altså ikkje eit null, men Guds ypperste skapning. Vår utfordring er vidare at vi trur og legg livet vårt i hendene hans.

Som vanleg på desse føremiddagstreffa kom Torbjørn Fjøren sitt innlegg på slutten av samlinga. For det vanlege er å starta med ein felles lunsj der ein sjølvsagt



Tidlegare diakon i Fjell, Torbjørn Fjøren, var gjest på føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i oktober.

måtte ta omsyn for å unngå koronasmitte: «Når du forsyner deg med pålegg, må du ta ein gaffel og bruka den. Den legg du frå deg ved enden av bordet. Skal du forsyna deg fleire gonger, må du ta ein ny gaffel.» Og sjølvsagt måtte vi ikkje gløyma anti-bac først. Og med ein viss avstand rundt bordet får vi tru at alt vart gjort for å hindra koronasmitte.

Olai Otterå

SALME 139

1 Herre, du ransakar meg og du veit – 2 du veit om eg sit eller står, på lang avstand kjenner du mine tankar. 3 Om eg går eller ligg, ser du det, du kjenner alle mine vegar. 4 For eg har eit ord på tunga, Herre, kjenner du det fullt ut. 5 Bakfrå og framfrå omgjev du meg, du har lagt di hand på meg. 6 Det er eit under eg ikkje skjønar; det er så høgt at eg ikkje kan fatta det. 7 Kvar skulle eg gå frå din pust, kvar kunne eg rømme frå ditt andlet? 8 Stig eg opp til himmelen, er du der; legg eg meg i dødsriket, er du der òg. 9 Tek eg soloppgangens venger og slår meg ned der havet endar; 10 då fører di hand meg jamvel der; di høgre hand held meg fast. 11 Eg kan seia: «Lat mørkret løyne meg og lyset omkring meg bli natt.» 12 Men mørkret er ikkje mørkt for deg, natta er lys som dagen, mørkret er som lyset. 13 For du har skapt mine nyrer; du har vove meg i mors liv. 14 Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga. Underfulle er dine verk, det veit eg godt. 15 Knoklane mine var ikkje skjulte for deg då eg vart laga i løynd og voven djupt i jorda. 16 Auga dine såg meg då eg var eit foster. Alle dagar er skrivne opp i di bok, dei fekk form før ein av dei var komen. 17 Dine tankar, Gud, er dyrebare for meg, summen av dei er ufatteleg! 18 Tel eg dei, er dei tallause som sand, blir eg ferdig, er eg enno hos deg. 19 Gud, om du ville drepa den lovause, om drapsmennene veik frå meg! 20 Dei talar svikefullt om deg, fiendane dine sver falskt. 21 Herre, eg hatar dei som hatar deg, og avskyr dei som står deg imot! 22 Eg hatar dei med eit grenselaust hat, dei har vorte mine fiendar. 23 Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarte, prøv meg og kjenn mine tankar! 24 Sjå om eg følgjer avgudsveg, og lei meg på den evige vegen!



Gerd Dávøy delte ut skiver til kvar enkelt. Torbjørn Fjøren har funne seg ein gaffel og forsyner seg med pålegg.



Kjell-Asle Børnes viser korleis vi skal gjera det når vi skal ta på oss anti-bac.



Dag R. Pettersen deler ut Teikneseriebibelen til 5.klassingane.

Teikneserie- bibel til 5.klassingane

Kvart år er det vanleg at kyrkja deler ut ei bibelbok til 5.klassingane i soknet. I år hadde ein gjort ein vri på det ved at boka som vart delt ut, inneheldt teikneseriar. Det gjer det kanskje meir spennande å lesa bibelforteljingane i form av teikneseriar for 5.klassingar.

Det var søndag 25. oktober som i år var sett av til denne utdelinga, og ein del av 5.klassingane i soknet hadde møtt fram i Kausland kyrkje for å få bibelboka av Dag R. Pettersen, etter at han først hadde fortalt litt om boka som elevane fekk. Bøkene var bestilt på nynorsk, men alle bøkene var komne på bokmål. Dei som ville kunne levera boka inn att, så skulle dei få ei bok på nynorsk etter kvart.

Olai Otterå



Dei frammatte 5.klassingane viser fram Teikneseriebibelen som dei nettopp har fått.

Betweeneskoret

Betweeneskoret er barnekoret i kyrkjelyden som gjeld for dei borna som går i 4. klasse og oppover. Dei øver annankvar tysdag i Sund kyrkje. På side 12 kan du sjå datoane for øvingane etter nyttår.

Men søndag 25. oktober var nokre av medlemene til stades i Kausland kyrkje då 5.klassingane fekk utdelt Teikeseriebibelen, og då song dei fleire songar til glede for kyrkjelyden. Når det nærmar seg jul skal dei òg vera med, t.d. når vi syng jula inn i Kausland kyrkje og på julegudstene-sta i Sund kyrkje.

Olai Otterå

Fem av medlemene i Betweeneskoret song i gudstenesta då 5.klassingane fekk utdelt Teikneseriebibelen.



Endring i bankkonto, gjevarteneste og Vipps i Sund sokn

Det har blitt rydda i bank og Vippsnummer, og strukturen har blitt endra.

Sund sokneråd har frå no av to bankkonti:

- Driftskonto: 3628.07.11645
- Innsamlingskonto: 3628.50.65156

Dersom du ønskjer å gje ei gåve til arbeidet i kyrkjelyden, så kan du bruke 3628.50.65156, som er innsamlingskontoen.

Vi har gjevarteneste til Barne- og familiearbeidet og til Kyrkjelydsarbeidet. Bruk same innsamlingskonto, men hugs å merke kva formål gåva er gjeve til.

Om du allereie er fast gjevar, så er det fint om du sjekkar at du no har rett konto: 3628.50.65156

Ønskjer du å gje ei gåve på Vipps, så kan du gje til desse vippsnummera:



- Kausland kyrkje gåver 613857
- Kausland kyrkje Myldredag 632162
- Kausland kyrkje Vårmarknad 632161
- Kausland kyrkje offer 613852



- Sund kyrkje gåver 613856
- Sund kyrkje Julemesse 632142
- Sund kyrkje Lovsangskveld 632168
- Sund kyrkje Myldredag 632164
- Sund kyrkje offer 613855




Bergen Kristne Bokhandel

Like bak Korskirken på Øvre Korskirkealmenning ligg Bergen kristne bokhandel, sentralt og midt i det historiske sentrum av byen vår. Det same kan seiast om det som vert formidla, knytt til høgtidene våre! I nye, lyse og større lokale bognar det no av bøker og gåveartiklar! BKB har eit godt samarbeid med alle kyrkjelydane i Bergen og områda rundt og leverer det som trengst i trusoppløringa. Også til heimane har forlaga denne hausten mange nye spennande titlar – for alle aldersgrupper.

Salet i adventstida betyr mykje for BKB, og sjølv med korona-restriksjonar kan du trygt handle «harde pakkar» (og mjuke) til høgtida. Det er tid for å lesa til eiga fordjuping – og tid for høgtlesing for dei minste. Sjå gjerne innom den butikken i byen som er treffsikker på jula sitt innhald!

Helge Unneland
friviljug medarbeidar



O, jul med din glede

Rett før desse linjene vart skrivne, hørde eg eit intervju med byråd, og tidlegare kyrkjeverje i Sund, Beate Husa. Intervjuet handla sjølv sagt om korona-situasjonen og det viktige smittevernet. Men midt i dei alvorlege orda fekk Beate også fram ei oppfordring til oss om å *gleda oss til jul!* Der og då var det vel først og fremst julepynt og juletradisjonar det vart snakka om. Men kjenner eg Beate rett, tenkte ho nok også på den gleda som engelen i juleevangeliet ber bod om: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren» (Luk 2).

Og særleg denne (korona) jula treng vi å bli minna om nettopp dette: Julegleda og julefreden er først og fremst grunn i noko *utanfor* oss sjølv, ja, på eit «factum est» - noko som har skjedd – då ein kjend keisar tok mantal over heile verda. Og dette gledelege faktum lar seg ikkje stoppa eller

begrensa - verken av pest eller andre øydeleggjande faktorar. Bodet om ei stor glede for heile folket er ikkje betinga av medgangstider. Det trengjer seg gjennom alle former for mørke og håpløse, og fyller oss med håp – der vi er! For

Juleandakten

frelsaren som kom den aller første julenatta er her fortsatt og har gjort seg grenselaust tilgjengeleg «for heile folket». Alle som tar imot han, dei gjev han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans (Joh 1).

Så vil nok denne jula bli prega av korona-begrensningar og færre muligheter til å samlast... Men vi kan *alle* samlast i ein stor familie rundt barnet i krubba, verdas frelsar, din og min frelsar, og slik kjenna på eit *gledens fellesskap* som ingen pest kan ta ifrå oss! Gleda vert nok iblanda nokre tårer og skuffelser. Men også dette får vi ta med oss fram til krubba og han som er *Under-*

full Rådgyvear – for alle som strevar med å finna vegen vidare; *Veldig Gud* – for alle som har mista motet; *Evig Far* – for alle som er knuga av sorg og einsemd; og *Fredsfyrste* – for alle som opplever ufred i sitt hjarte og liv.

Han som fekk namnet JESUS er i går og i dag den same, ja, til evig tid!

Difor takkar vi byråd Beate for påminninga, og ynskjer kvarandre GLEDELEG JUL!

Kjell-Asle Børnes

Korøving

i Sund kyrkje

STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

øver kl 17.30 - 18.30

BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

øver kl 18.30 - 19.30

12. januar, 26. januar,

9. februar, 23. februar,

16. mars, 13. april,

27. april, 11. mai, 25. mai

Nye og gamle medlemmer er velkomne!

(Ein tek atterhald om moglege koronarestriksjonar)

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97

GRAVMINNER



Løvaas
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)



Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B,
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

Vil du bli med på klubb? Between sklubben

Det blir Betweenklubb på disse datoane (med atterhald om moglege korona-restriksjonar):

**19. januar, 16. februar,
23. mars, 20. april, 18. mai**

Klokka 17.30 - 19.30
i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,
Bibelen, kveldsmat.**

Velkomen,
og ta gjerne med ein venn!

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

Givarteneste

Sund kyrkjelyd

**Barne- og familiearbeidet
Kyrkjelydsarbeidet**

Kontonr.: 3628.50.65156
Merk kva formål gåva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

Vil du vere med?

**Har du lyst å vere med som
frivillig i Sund kyrkjelyd?**

**Har du eit ønske om å ta
del i teamarbeidet rundt ei
gudsteneste?**

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på: klokkaroppgåver, kyrkjevertoppgåver eller kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hm849@kyrkja.no

Bibeldagen 2021 - søndag 31. januar

Bibeldagen er den årlige feiringen av Bibelens plass i menigheten, i Norge og i verden. På Bibeldagen setter vi Bibelen i sentrum og gleder oss over at vi har den på vårt eget språk og samler inn penger til bibelprosjekter i andre land. I Nygård kirke har vi nå i fem år lagt til rette for en økumenisk samling for Bergen og omegn med økende tilslutning.

Samling i Nygård kirke 31. januar 2021 kl 18.00

Bibeldagen 2021 har fokus på Bibler til Cuba. Behovet og etterspørselen er stor. Derfor er det en ekstra glede å være med på dette arbeidet. Det å ha sin egen bibel er ingen selvfølge mange steder i verden. Derfor gir vi gjerne en offergave til bibelarbeidet i andre land på Bibeldagen. De fleste menigheter har en bibelkontakt, i Nygård er det Grethe Lie Gammelsæther.

Bibelselskapet ber oss sette tre konkrete målsettinger for dagen: Vi kan takke for at vi har Bibelen på vårt eget språk. Vi kan gi andre mennesker samme mulighet som vi har til å få en bibel. Vi kan hjelpe hver-

andre til å åpne Bibelen og ta den i bruk.

Arrangementet i Nygård vil ha mange aktuelle innslag. Årets taler blir **tidligere generalsekretær i Bibelselskapet Gunnleik Seierstad**. Han kjenner Cuba og kirkelivet der bedre enn mange etter flere besøk og gode kontakter. Seierstad er også kjent som tidligere generalsekretær i Santalmisjonen og misjonær i Ecuador.

Det blir cubanske innslag, musikk m.m. Fungerende kantor og TV kjendis Sjur Hjeltnes blir også med. Det blir også Anne Ludvigsen K og Knut Kaldestad, Gunn Berit Gulbrandsen, Grethe Lie Gammelsæther, Anne Marie og Karl Johan Hallaråker m fl.

Håper at du setter av kvelden og får flere med deg. Bruk gjerne kontakter og sosiale medier til å invitere andre med. Varmt velkommen!

For arrangementskomiteen
Karl Johan Hallaråker

Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

Klokka 17.00-19.00

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

- 2. februar
- 9. mars
- 6. april
- 4. mai


Kyrkjelydshuset på Kausland

- 17. februar
- 24. mars
- 21. april
- 12. mai

Middag - bibelfortelling - aktiviteter - fellesskap

Ta med familien og kom, eller kom åleine.

Ein tek atterhald om moglege korona-restriksjonar.



Via **INTERFLORA** formidlar vi blomstrar i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup, gebursdagar og gravferder - og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

			SOS MELDING
SOS 22 40 00 40		SOS CHAT	

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse
Kvile 17A
5379 Steinsland
Tif.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Døypte

11.10 Kausland kyrkje

Brage YuBin Trellevik
Herman Glesnes Eide

18.10 Sund kyrkje

Jamie Matthew Logan Hagen-Miller
Ella Johanne Helland Skjoldal

25.10 Kausland kyrkje

Olav Telle Ødegaard
Nikolai Snekkevik

14.11 Eid kyrkje

Marie Sofie Alden Vatne

15.11 Kausland kyrkje

Bernhard Torsrud

Gravlagde

20.10 Kausland kyrkje

Arnlaug Norunn Spilde, f. 1939

05.11 Sund kyrkje

Hariett Johanne Høyland, f. 1935

10.11 Kausland kyrkje

Malvin Marøy, f. 1930

12.11 Kausland kyrkje

Otto Haugland Strandenes, f. 1935

Sund Sokneblad i 2021

Året 2020 går mot slutten, og vi har fått ut 6 nummer i år og. Det håpar vi å få til også i 2021. Blada vil då koma ut slik:

Nr. 1 - 03. februar

Nr. 2 - 24. mars (påske)

Nr. 3 - 16. juni

Nr. 4 - 01. september

Nr. 5 - 27. oktober

Nr. 6 - 01. desember

Det kan variera litt om du får bladet i postkassen på denne datoen eller om det blir dagen før eller etter.

Vigde

03.10 Kausland kyrkje

Christine Øvretveit og
Steffen Eriksen

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte kyrkjekontoret: **400 03 316**

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjøve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 400 03 316

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97
sokneprest 41 41 66 67
E-post: kb427@kyrkja.no

Soknerådet

Svein Marius Myklebust 95 88 61 56
soknerådsleiar
E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

**Sund
Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume

Konto: 1503.84.37590

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 3.950

Returadresse:
Sund Sokneblad,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume



Det var Hildegunn Børnes Myklebust som tende lysa etter kvart som Kjell-Asle Børnes las opp namna på dei døde.

Mintest dei døde frå det siste året

Som vanleg på Allehelgensdagen søndag 1. november vart det i gudstenesta i Sund kyrkje tent lys for dei 41 personane som hadde døydd sidan førre Allehelgensdag. Det var Hildegunn Børnes Myklebust som tende te-lysa etter kvart som Kjell-Asle Børnes las opp alle namna. Som ei avslutning på markeringa var det eitt minutt stilla.

Dei pårørande til dei døde var inviterte til kyrkja denne dagen, og mange av dei hadde òg funne vegen til Sund kyrkje.

Elles i gudstenesta kan vi nemna at Eivind Kausland Lie var med og song eit par sanger.

Olai Otterå



Eivind Kausland Lie song.

Mange misjonærar har reist ut igjen

Misjonssambandet reknar ikkje med nokon normaltilstand for misjonærane sine før hausten 2021, men etter fleire månader heime er mange reist ut på nytt.

Heller ikkje for norske misjonærar har 2020 vore noko normalår. Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) er mellom dei største misjonsorganisasjonane og hadde kring 110 utsendingar i arbeid då koronapandemien braut laus. Kort tid etter var rundt 70 av dei komne heim til Noreg frå misjonsfelta.

Mellom desse har fleire avslutta tenesta si i år medan andre har drege attende til landa dei arbeidde i. Nokre nye misjonærar er også komne til.

Fleire av dei som kom heim i vår, er anten reiste ut på nytt eller kjem til å reise fram mot jul. Ved årsskiftet reknar organisasjonen med å ha 70 misjonærar i aktiv teneste, noko som er meir enn ei dobling frå i vår.

– Totaltalet blir mykje lågare enn det var før pandemien, men vi tenkjer at det skal auke i løpet av neste år, seier Hans Arne Sanna, leiar for NLM utland, til Kristelig Pressekontor.

Misjonssambandet har utsendingar i 14 land. I Sør-Amerika er det NLM-misjonærar i Peru og Bolivia, i Afrika i Mali, Elfenbenskysten, Etiopia og Kenya, i Asia i Mongolia, Japan, Indonesia og Hongkong. I tillegg finst det utsendingar i fire såkalla sensitive område som ikkje blir namngjevne.

Stein Gudvangen, KPK

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 3. februar

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 20. januar